



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

39 - Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7 - Florø Seilforening

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Florø Seilforening får fritak for eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 7a for eigedomane gbnr. 24/534 og gbnr. 24/26 frå og med skatteåret 2026.

Bakgrunn for saka:

Florø Seilforening har søkt om fritak frå eigedomsskatt for eigedomane gbnr. 24/534 og gbnr. 24/26 i Kinn kommune. Eigedomane er ilagt eigedomsskatt etter kommunen sine gjeldande vedtak om utskriving av eigedomsskatt.

Florø Seilforening er eit idrettslag tilslutta Norges Idrettsforbund og Norges Seilforbund, og driv aktivitet innan seilsport for barn, unge og vaksne.

Saksopplysningar:

Etter eigedomsskattelova § 7a kan kommunestyret frita eigedomar som tilhøyrrer stiftingar eller institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten.

Florø Seilforening vart stifta i 1977 og er organisert etter NIF si lovnorm for idrettslag. Formålet til foreininga er å drive idrett basert på frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd.

Foreininga har 132 medlemmer og tilbyr aktivitetar innan seilsport gjennom treningar, kurs, regattaar og sommarskular. Foreininga legg særleg til rette for aktivitetar for barn og unge, og arrangerer mellom anna gratis sommarskular med fokus på trygg ferdsel og aktivitet på sjøen.

Rekneskapen for 2024 viser at foreininga har inntekter frå medlemskontingentar, offentlege tilskot, sponsorinntekter og utleige av klubbhus, bryggeplassar og kaiområde.

Årleg eigedomsskatt utgjer kr 6 745 for gbnr. 24/534 og kr 520 for gbnr. 24/26. Samla eigedomsskatt utgjer kr 7 265 per år.

Vurderingar:

Eigedomsskattelova § 7a er ei kan-føresegn som gir kommunestyret høve til å frita eigedomar som tilhøyrrer institusjonar som tek sikte på å gagne ein kommune, eit fylke eller staten. Det ligg ikkje føre nokon rettsleg plikt til å gi fritak.

Florø Seilforening driv frivillig og ideell idrettsverksemd med aktivitetar retta mot både barn, unge og vaksne. Gjennom treningar, opplæring, sommarskular og konkurransar bidreg foreininga til eit breitt fritids- og aktivitetstilbod i kommunen.

Foreininga har inntekter frå utleige av klubbhus, bryggeplassar og kaiområde. Desse inntektene vert vurderte som ein del av finansieringa av den ideelle verksemda og aktivitetstilbodet, og ikkje som sjølvstendig næringsverksemd med økonomisk vinning som formål.

På bakgrunn av formålet til foreininga, organiseringa og aktivitetstilbodet som vert drive, vert eigedomane vurderte å vere omfatta av eigedomsskattelova § 7a. Søknaden vert derfor tilrådd innvilga.

Økonomiske konsekvensar:

Eit fritak vil medføre reduserte eigedomsskatteinntekter for Kinn kommune på kr 7 265 årleg knytt til eigedomane gbnr. 24/534 og gbnr. 24/26.

Aktuelle lover, forskrifter, kjelder:

Lov om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) § 7a.

Søknad om fritak frå eigedomsskatt frå Florø Seilforening.

Årsmelding for Florø Seilforening 2024.

Rekneskap 2024 for Florø Seilforening.

Lov for Florø Seilforening.

Vedlegg:

Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7

Lov Florø Seilforening Oppdatert 22.10.2025

Noter til regnskap 2024

Årsmelding for Florø Seilforening 2024

Regnskap 2024 årsmøte 2025

888096922_selvvalgt-visning_SIGNERT

Søknad om fritak frå eigedomsskatt etter § 7